

**Bygging av kopi og bruk av åttring frå Austfjorden.**

Lygra 5.februar 2019

Folk i Nordhordland har alltid hatt eit nært forhold til sjøen og sjøen har alltid vore ein svært viktig del av fiskarbonden sin kvardag, både til ferdsel og fiske. Sjøbruk og tradisjonsbåtar er difor ei viktig del av formidlinga på Lyngheisenteret.

Det er svært gledeleg og viktig at Sogelaga i Lindås, Meland og Radøy no tek oppatt arbeidet med å skaffa midlar, eit arbeid som vi gjerne støttar opp om og samarbeider om.

Vi samarbeidde med Lindås Sogelag i 2011 – 2012 i arbeidet med å få bygd ein kopi av Austfjordbåten, og arrangerte kurs i grindverksbygging for å byggja naust til båten. Dette ligg lagra på Lygra. Den gongen klarte ein diverre ikkje å få finansiert bygginga av båten.

I Utlurvågen og Naustvika på Lygra er det eit tradisjonelt sjøbruksmiljø med fleire naust som vart restaurerte på slutten av 1990-talet då Lyngheisenteret vart etablert.

Lyngheisenteret har og vore med og restaurerte Kubåten og Kubåt-naustet som ligg i Lurevågen. Båten og naustet er i eige til grunneigarane på Lygra og vart brukt til å frakta kyrne til sommarbeite på Lurøy og Lurekalven.

Vi hadde gjennom fleire år samarbeid med Lindås Sogelag der vi fekk bruka kapellanbåten frå Kvalvågnes ein åttring, under Middelalderdagane på Lurekalven. Dette var eit svært interessant og populær tiltak for dei besøkande.

I samarbeid med Stiftinga Brørvikskuta har vi i mange år hatt eit undervisningsopplegg for grunnskulane i Nordhordland over 3 dagar i september. I fjor deltok 245 elevar på dette kulturhistoriske undervisningsopplegget som inneheldt aktivitetar både på sjø og land.

Vi har i dag diverre ikkje eigne tradisjonsbåtar som kan brukast til undervising og formidling.

På Lyngheisenteret har vi dei seinare åra hatt kring 12.000 besøkande årleg og rundt 1600 elevar og studentar som deltek på ulike aktivitetar, undervising og kurs. Det er aukande interesse for dei kulturhistoriske tilboda vi har og mange vil gjerne vere på sjøen, gjerne i ein tradisjonsbåt. Dei rike tradisjonane vi også har i Nordhordland når det gjeld båtbygging og sjøbruk er altfor lite kjent hjå folk flest i dag. Det er ein svært spanande og viktig historie som vi må læra nye generasjonar om.

Eit av våre mål er å engasjera oss i den framtidige bruk av ressursane i det norske kystlandskapet basert på verdiar som ligg i det historiske kulturlandskapet. Bygging og bruk av tradisjonsbåtar er ein slik verdi som vi i framtida kan nytta til å utvikla regionen vår vidare, folkehelse, handverk, berekraftig sjøbruk mm.

Planane som Sogelaga har for bruk av båten støttar vi opp om. Det er viktig at så mange som mogleg kan få tilgang til å bruka den i heile regionen. Det er viktig å laga ein plan for bruk av båten og samarbeida med sogelaga, kystlaga, skular og andre med kunnskap og interesse for tradisjonsbåtar slik at vi kan få eit nettverk som kan laga ein god bruksplan for båten.

Vennleg helsing  
Torhild Kvingedal  
Dagleg leiar Lyngheisenteret